

BRUKARUTVALET I HELSE MØRE OG ROMSDAL HF

Protokoll nr. 06/18

Møte 23.10.2018

Tilstades: X

Medlemmer:

- X Ingrid Løset, leiar
- X Ann Helene Skare, nestleiar
- X Atle Tangen
- X Hilde Marie Kleiven
- X Anne Grete Mogstad
- Asbjørn Ringdal Gausdal
- x Torill Bøe
- X Inger Nossen Sandvik
- X Jakob Strand

Varamedlemmer:

- X Daniel Ask
- Ann Elida Solheim
- Anton Iversen

Administrasjonen/Stab: ass.direktør Helge Ristesund
Marianne Ensby Gravem, sekretær

Andre:

Møtet i Brukarutvalet vart holdt på Styrerommet (Storhornet) i Ålesund og starta kl. 10:00.

Asbjørn R. Gausdal møtte ikkje, vara innkalt.

Leiar Ingrid Løset leia møtet og ønska alle velkomen.

Følgjande saker vart behandla:

BU 45/2018 Godkjenning av innkalling og sakliste samt underskrift av protokoll nr. 05/18 frå møte 11.09.18.

(utan saksframlegg)

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkalling og sakliste til møte 23.10.2018.

Protokoll:

Brukarutvalsleiar melde at det var to saker til på sakliste. «Høyring Møteplass Møre og Romsdal» og «Tilrettelegging av stellerom for barn, unge og vaksne med spesielle behov ved sjukehusa i helseføretaket».

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkalling og sakliste til møte 23.10.2018.

Protokoll nr. 05/18 som vart godkjent i møte 11.09.18, vart underskriven av brukarrepresentantane.

BU 46/2018 Orientering frå ass. direktør

ass.direktør Helge Ristesund informert om:

- styresaker:
 - Stor militær øvelse i Møre og Romsdal, mest i Nordmøre. Samtidig kjøres en stor nasjonal helseøvelse. Helseføretaket blir testa ut på mange måter.
 - Foretaksledelse fortsetter med møter rundt på sjukehusa. Hadde møtet med alle lederne ved Volda sjukehus i går. På disse møtene får lederne ta opp det som opptar dem på deres sjukehus og direktøren informerer generelt. Evaluering frå møtet i går viser at det opplevast positivt.
 - Drift: Stort trykk med medisinske pasienter på Kristiansund sjukehus. Ikkje bare USK pasienter, men og høyt behov for spesialistbehandling. Over 100% belegg.
 - Ferieplanlegging av neste år: stenging om sommaren, påske og jul. Det blir få justeringar på ordninga neste år.
 - Bygningsmessige utviklingsprosjekt – første trinn: hvordan auke areale for dagbehandling ved Volda sjukehus. Denne planlegginga pågår no for fullt. Akutt mottaket i Ålesund planleggast å byggast om og skal innehalde en korttidspost lik modellen som planleggast på SNR Hjelset. Det må førut for korttidspost sikrast ny strømforsyning inn til Åse sjukehus. Første fase, arbeidet med rehabilitering, av fasaden på Åse sjukehus pågår.
 - Starta utredning av kirurgivakta, særleg i Volda. Ein del av utviklingsplana.
 - Starta arbeid på korleis organisere traumesystemet i Helse Møre og Romsdal. Oppgradering av det systemet vi har i dag.

- Innslag i NRK M&R rett før helga, frå Heimebehandling i Kr.sund som er nasjonal pilot, kor dei gjev intravenøs antibiotika heime hos pasienten.
- Statusrapporten
 - SNR: Gjort et nytt mandat i prosjektstyre, med en solid forsterkning både med kompetanse og rapportering. Konkurransunderlaget skal forhåpentlegvis ut før jul.
 - Økonomisk: september en dårlig måned. To faktorar hovudsakeleg; lågare aktivitet og høgare lønnskostnadar.
- Operasjonalisere utviklingsplan
- Budsjett 2019

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa frå ass.direktør til vitande.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa frå ass.direktør til vitande.

BU 47/2018 Orienteringssaker

- Høringsuttalelse til Regional utviklingsplan v/ Ingrid Løset
- Orientering om arbeidet i KPU v/ Torstein Hole (se presentasjon)
- Orientering om styresaka «Operasjonalisering av utviklingsplan» v/ Torstein Hole
- Brev frå SAFO – Gode tenester til pasienter som er innlagt i sjukehus som har problem med å uttrykke seg.
- Deltaking styremøte 24. oktober. – Hilde Marie Kleiven deltek i staden for Anne Grete Mogstad då møtet vart flytta frå Kr.sund til Ålesund. Ingrid Løset deltek og.
- Torill Bøe deltek på styremøtet i Kristiansund 4. desember.
- Jakob Strand deltek på styremøtet 20. februar.

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringssakene til vitande.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringssakene til vitande.

Vedtak knytt til sak om SAFO:

Brukarutvalet ber om tilbakemelding frå administrasjonen vedrørande praktisering av retningslinjene og regelverk knytt til følgeperson for aktuelle pasientar. Vi ønskjer å invitere Britt V. Tyrholm til å redegjere for status og framdrift av retningslinja som er innført.

Vedtak knytt til sak om høyring regional utviklingsplan:

Brukarutvalet slutter seg til diskusjonsgrunnlaget for regional utviklingsplan. Vi vil spesielt understreke merknadene til pkt 5.1.1 – populasjonsbasert tilnærming og pkt 5.4.2 Samarbeid om folkehelse, førebygging og rehabilitering. Brukarutvalet slutter seg også til høyringssvaret frå FFO Møre og Romsdal og FFO Trøndelag. Dette følger vedlagt.

BU 48/2018 Munnleg orientering frå møter i råd og utval HMR.

Ann Helene Skare har deltatt på lokalt samhandlingsutval i Molde, Barneblikk-konferanse, klinikksamling i psykiatri/rus (saman med Ingrid Løset).

Inger Nossen Sandvik deltar på lokalt samhandlingsutval i Ålesund.

Jakob Strand deltok på seminar om «Saman om forskning og kompetanseutvikling» i Volda.

Ingrid Løset har hatt møte i AU saman med Ann Helene og BU-sekretær 4. oktober, møte i arbeidsgruppa for individuell plan 5. oktober og møte i BU for SNR 16. oktober.

Atle Tangen har deltatt på styringsgruppe for DMS Kristiansund og brukarutval for SNR.

Daniel Ask sitter i ressursgruppa for «Den eldre multisjuka».

Torill Bøe har deltatt på brukarutvalet for SNR. Brukarrepresentant i DMS Kristiansund.

Innstilling:

Brukarutvalet tek den munnlege orienteringa til vitande.

Vedtak:

Brukarutvalet tek den munnlege orienteringa til vitande.

BU 49/2018 Referatsaker (utan saksframlegg)**Innstilling:**

Brukarutvalet tek referatsakene til vitande.

Vedtak:

Brukarutvalet tek referatsakene til vitande.

BU 50/2018 Møteplan 2019**Innstilling:**

1. Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF vedtek den justerte møteplana (ref.: BU 39/2018 frå 11.09.2018) for å teke omsyn til leiargruppa si faste møteaktivitet på tysdagar i 2019.
2. Administrasjonen får fullmakt til å setje opp møtestad
3. I tilfelle styret korrigerer møtedatoar gjennom året blir også møtedato for Brukarutvalet korrigert.

Dato:	Tidspunkt
Måndag 18.02.2019	Kl. 10:00 – 14:00
Måndag 25.03.2019	Kl. 10:00 – 14:00
Måndag 13.05.2019	Kl. 10:00 – 14:00
Tysdag 11.06.2019	Kl. 10:00 – 14:00
Måndag 23.09.2019	Kl. 10:00 – 14:00
Måndag 21.10.2019	Kl. 10:00 – 14:00
Måndag 11.11.2019	Kl. 10:00 – 14:00
Måndag 09.12.2019	Kl. 10:00 – 14:00

Vedtak:

1. Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF vedtek den justerte møteplana (ref.: BU 39/2018 frå 11.09.2018) for å teke omsyn til leiargruppa si faste møteaktivitet på tysdagar i 2019.
2. Administrasjonen får fullmakt til å setje opp møtestad
3. I tilfelle styret korrigerer møtedatoar gjennom året blir også møtedato for Brukarutvalet korrigert.

Dato:	Tidspunkt
Måndag 18.02.2019	Kl. 10:00 – 15:00
Måndag 25.03.2019	Kl. 10:00 – 15:00
Måndag 13.05.2019	Kl. 10:00 – 15:00
Tysdag 11.06.2019	Kl. 10:00 – 15:00
Måndag 23.09.2019	Kl. 10:00 – 15:00
Måndag 21.10.2019	Kl. 10:00 – 15:00
Måndag 11.11.2019	Kl. 10:00 – 15:00
Måndag 09.12.2019	Kl. 10:00 – 15:00

BU 51/2018 Styresakene

Brukarutvalet ber AU følgje opp saka vidare med styret og administrasjonen i Helse Møre og Romsdal.

Følgande innspel er ønska å ta med inn i styremøte:

1. Brukarutvalet ser at Helse Møre og Romsdal står føre store utfordringar.
2. Brukarutvalet føreset at eventuelle endringar ikkje vil gå utover kvaliteten på pasientbehandlinga.

Innstilling:

Ingrid Løset tek med seg innspela frå brukarutvalet, knytt til styresakene, til styremøtet 24. oktober 2018.

Vedtak:

Ingrid Løset tek med seg innspela frå brukarutvalet, knytt til styresakene, til styremøtet 24. oktober 2018.

BU 52/2018 «Kva er viktig for deg?»

Presentasjon «Oppfølging etter «kva er viktig for deg»-dagen ved Britt Valderhaug Tyrholm.

Målet med prosjektet er blant anna å rette fokus frå «kva feiler det deg» til «kva er viktig for deg». Vi skal skape pasienten si helseteneste.

Gjennomgang av dei sju punkta for å einest om innhaldet.

7 råd til helsepersonell

1. At du lytter til meg og at eg blir behandla vennleg og med respekt.
2. At du er godt førebudd og at det er mest mogleg kontinuitet i behandlinga.
3. At du tar samval på alvor og at eg får bli med å bestemme i eiga behandling.
4. At du så langt som råd legg til rette for rask og effektiv oppfølging. Mi tid er også viktig.
5. At du tenkjer over pasienten sin alder og bustad ved fastsetting av time.
6. At du overheld teieplikta og at det er god skjerming på fleirmannsrom.
7. At du har fagleg kompetanse slik at eg føler meg trygg og ivaretatt.

Innstilling:

1. Brukarutvalet godkjenner forslag til plakat med 7 råd til helsepersonell.
2. Brukarutvalet meiner at det er ei viktig oppgåve å understøtte pasientane si medverkning i og medansvar for eiga behandling.
3. Brukarutvalet ber om at dei 7 råda til helsepersonell blir tatt vidare i linje som eit konkret innspel til forbetningsarbeidet som skjer i Helse Møre og Romsdal HF.

Protokoll:

Brukarutvalet ønskjer å ha med eit punkt i vedtaket:

4. Sekretariatet til brukarutvalet samarbeider med seksjon for samhandling v/ Britt V. Tyrholm om utarbeiding av layout til plakaten.

Vedtak:

1. Brukarutvalet godkjenner forslag til plakat med 7 råd til helsepersonell.
2. Brukarutvalet meiner at det er ei viktig oppgåve å understøtte pasientane si medverkning i og medansvar for eiga behandling.
3. Brukarutvalet ber om at dei 7 råda til helsepersonell blir tatt vidare i linje som eit konkret innspel til forbetningsarbeidet som skjer i Helse Møre og Romsdal HF.
4. Sekretariatet til brukarutvalet samarbeider med seksjon for samhandling v/ Britt V. Tyrholm om utarbeiding av layout til plakaten.

BU 53/2018 Val av brukarrepresentant til traumegruppe

Vedtak:

Jakob Strand og Ann Helene Skare veles som brukarutvalet sine representantar inn i traumegruppa og Asbjørn Gausdal er deira vara.

BU 54/2018 Høyringsuttalelse til «Retningslinje for samarbeid i» «Møteplass Møre og Romsdal»

Vedtak:

Brukarutvalet ser positivt på arbeidet og vil sende innspel innan 25. oktober. Sekretær vidareformidlar høyringsinnspelet til arbeidsgruppa «Møteplass Møre og Romsdal».

BU 55/2018 Tilrettelegging av stellerom for barn, unge og vaksne med spesielle behov ved sjukehusa i helseføretaket

Vedtak: Leiar saman med sekretær sender saka til rette instans. Brukarutvalet ønsker tilbakemelding før neste møte i brukarutvalet 3. desember.

BU 56/2018 Godkjenning av protokoll nr. 05/18 frå møte 11.09.2018.Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 06/18 frå møte 23.10.2018.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 06/18 frå møte 23.10.2018.

Møtet slutt kl. 15:00

Ingrid Løset_____
Ann Helene Skare_____
Daniel Ask_____
Atle Tangen_____
Anne Grete Mogstad_____
Torill Bøe_____
Jakob Strand_____
Hilde Marie Kleiven
